

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5918 FREKHAUGDato: 14.06.2019  
Vår ref.: 2019/12459-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

Att. Larissa Dahl

## **Varsel om kulturhistorisk synfaring - Frådeling av parsell – gnr. 1, bnr. 6 – Flatøy - Meland kommune**

Me viser til brev datert 31.05.19, mottatt 05.06.19 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern.

Ut frå vårt arkiv er det ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men det er registrert fleire lokalitetar frå steinalderen i nærområdet. Delar av området har i tillegg topografiske trekk som gjer at det kan vere potensial for nye funn. Det er difor naudsynt med ei synfaring før me kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før me har gjeve endeleg fråsegn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*